

# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjergvin bispedømeråd

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Pb. 8030 Dep.  
0030 OSLO

lok 35

Kultur- og kyrkjedep.	
Saksnr. 200800086	Dato 3.4.09
Kode 11-202	Beh.

Dato: 02.04.2009

Vår ref: 09/47-4 JSI

Dykkar ref:

### Høring - Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing

Bjergvin bispedømeråd har i møte 24.03.09 gjort følgjande vedtak:

#### 023/09: Høring - pilegrimsmotivet som nasjonal satsing

1. Bjergvin biskop og bispedømeråd vil takke for rapporten "På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt" og høve til å delta i høringa.
2. Bjergvin biskop og bispedømeråd vil gje støtte til den satsinga som no er teikna ut.
3. Vår merknad går på at den pilegrimsvegen langs kysten må setjast meir tydeleg i fokus, dersom satsinga skal få ein nasjonal karakter.
4. Bjergvin biskop og bispedømeråd vil med bakgrunn i dette fremje Selja som eit ekstra knutepunkt i den nasjonale satsinga.

#### Høringssvar:

I ekspedisjon av 12.02.09 har Det kongelige kultur- og kyrkjedepartementet sendt utgreiinga "På livets vei" til høring. Bjergvin biskop og bispedømeråd er takksame for høvet til å sende fråsegn og sender med dette sams høringssvar.

#### Generelt til departementet sitt initiativ

Statsråd Trond Giske tok i januar 2008 initiativ til å etablere eit prosjekt for pilegrimssatsing i Noreg. Prosjektet er eit samarbeid med Sør-Trøndelag fylkeskommune og Trondheim kommune.

Bjergvin biskop og bispedømeråd vil gje honnør til dei som tok eit slikt initiativ. Dette gjev rom for å utfalde eit engasjement og ein spiritualitet som hentar kraft frå mellomalderen sine vandringar mot heilagstadene. Samstundes får notida si andelege lengt og individualitet høve til å materialisere seg i organiserte vandringar mot eit mål. Deler av historia vår vert eksistensielt nærverande. Friluftsliv, naturoppleving, lokale tradisjonar og fellesskap under kan hende strevsame dagsreiser, vert tilført ein kristen spiritualitet som er open nok for den som er under vegs og slitesterk nok som resultat av generasjonar si kristne erfaring.

Utgreiinga legg opp til ei kraftig satsing frå det offentlege si side. For vår del vil vi føye til at det er ei dristig satsing. Her er det ei grasrotrørsle som veks seg større og større og som for ein stor del er drive fram av eldsjeler. Kva no om pilegrimsarbeidet vert profesjonalisert og organisert frå regionssentra med overordna ansvar? Vil alle dei som av eige tildriv gjekk opp vegane og organiserte vandringane, no kjenne seg overflødige og verte passiviserte?

Per Kvistad Uddu, som har ført utgreiinga i pennen, er merksam på faren. I eit lite føreord seier han: "Når nå det offentlige går inn og støtter den norske pilegrimsbevegelsen er det helt avgjørende at man tar vare på det unike engasjementet hos eldsjelene i pilegrimlivet. Den norske pilegrimsmodellen må bygges nedenfra, fra grasrota".

Slik Bjørgvin biskop og bispedømeråd ser det, må organiseringa ein no står framføre ha som mål å få på plass eit rammeverk og ein slitesterk grunnstruktur. Tilsette prestar skal kvalitetssikra og ta vare på den religiøse spiritualiteten og tradisjonen. Innanfor dette rammeverket skal det frivillige engasjementet blomstre. Initiativet vil kunne gje ny vitalitet til heilage stader som kvar for seg strevar med å få marknadsført seg sjølv.

Det er vandringane mot Nidaros og Olavs-tradisjonen som har gjort eit slikt initiativ mogeleg. Den oppblomstringa som pilegrimsvandringane har fått andre stader i landet, har heilt klart henta inspirasjon frå dette arbeidet. Nybrottsarbeidet som er knytt til Trondheim og Stiklestad har på mange måtar fungert som ein snøplog for andre.

Når dette er sagt, er det ei utfordring at eit prosjekt for nasjonal pilegrimssatsing har Trondheim og Sør-Trøndelag som samarbeidspartar. Utgangspunktet for satsinga er Nidarosdomen som pilegrimsmål (s.9). Det kan føre til ei urimeleg stor allokering av stillingar og ressursar til eit prosjekt som er langt kome. Slik vi les tabellane bakarst i heftet, er det tenkt 7 halve prestestillingar til Nidarosleden (tiltak 3). Dersom ikkje tiltak 3a og tiltak 4 er det same, er det i tillegg tenkt ein og ein halv prestestilling ved pilegrimssenteret i Trondheim, pluss ein nasjonal pilegrimsprest som og har tilhald i regionen.

Når landet elles har fått til saman ei og ein halv stilling (Stavanger 1, Røldal ½), må ein kunne spørje om utgreiinga har makta å løfte seg opp på eit høgt nok nivå for ei nasjonal satsing. Ein bør sjå på ressursfordelinga på nytt.

### **Med fokus på Bjørgvin (Hordaland og Sogn og Fjordane)**

Bjørgvin biskop og bispedømeråd vil i det følgjande konsentrere seg om delane i utkastet som gjeld eige bispedøme.

#### **Røldal**

Per Kvistad Uddu skal ha honnør for den måten medarbeidarar for pilegrimsprosjektet i Røldal er trekt med når ein skulle omtala dette sereigne pilegrimsmålet. Det vert i utgreiinga omtalt som "et av de viktigaste pilegrimsmål i Norge, etter Nidaros"(s.101) Ein har løfta fram den heilt sereigne historia Røldal har gjennom 500 år med lækjedom for sjuke som eit hovudmotiv for vandringane (s.164). Arbeidet som er gjort av historielag og einskildpersonar er med rette vorte omtalt som positivt.

Dei siste fem åra har ein lokalt arbeidd med å få reist eit pilegrimssenter ved Røldalskyrkja. Dette arbeidet har sidan sist haust fått ei kraftig vitalisering og ei organisering der både fylke, kommune og bispedøme tek del. Målet er at det skal vere reist eit pilegrimssenter ved kyrkja i 2014.

Dette er eit stort løft for eit lokalsamfunn, jamvel om dei regionale institusjonane er med og tek ansvar. Dei foreslegne stillingane til Røldal vil vere med og sikra arbeidet som vil måtte skje parallelt med reisinga av senteret. Vi seier oss glade for forslaget slik det er utteikna for Røldal sin del.

At Røldal vert eit regionalt knutepunkt, finn vi altså ikkje unaturleg. Her vert fleire gamle pilegrimsleiar i sørvest-Noreg knytt saman, med Røldal som mål for dei alle. Det er likevel vanskeleg å tenka seg at ein frå Røldal skulle kunne bygge opp og forsterka eit pilegrimsarbeid i Selje. Vi snakkar om ytterpunktta i ein diagonal trekt gjennom dei to fylka. Geografien gjer kontakten tungvindt. Dei to pilegrimsmåla bygger dessutan på to ulike religiøse tradisjonar. I tillegg knyter dei til ulike "vandringsmåtar": Sjø og land.

Bjergvin biskop og bispedømeråd ser det slik at Selje må verte eit eige regionalt pilegrimssenter tilknytt pilegrimsvegen langs kysten mellom Stavanger og Trondheim.

### **Selje**

Vi syner til det som nett er sagt om Selje som eige knutepunkt. Alt før Olav Haraldsson vart konge gjekk forteljinga om Sta. Sunniva over heile Norden. Ho er Bjergvin bispedøme sin skytshelgen og har som kvinneleg martyr hatt stor verknad på fromheitslivet i landet vårt. Svært mange kjem for å vitja ruinane av klosteret kvart år. Gledeleg er det og at Riksantikvaren og Opplysningsvesenets fond prioriterer denne plassen med midlar for istandsetting og fornying.

Det gamle legendestoffet vever Kinn og Selja saman. Den gamle Kinnkyrkja fortel oss at Kinn tidleg vart ein heilag stad. I 25 år har Kinnaspelet teke vare på den gamle forteljinga og gjort henne levande for til saman 75.000 tilskodarar. For folk som kjem til Kinn er det gamle skulehuset sett i stand med 12 overnattingsplassar.

Seljumannamessa har lenge vore markert på Selje. Ein har tatt til med organiserte vandringar og bygger opp ein mogleg pilegrimsveg mellom Kinn og Selja.

Den levande helgentradisjonen, klosterruinane og dei dagsaktuelle pilegrimvandringane tilseier åleine at Selje må få eigen status. Tilknyttinga til Kinn og til pilegrimsvegen langs kysten understrekar ytterlegare at dette er naturleg.

### **Moster**

I utgreiinga er Moster ikkje nemnd. Ansvaret får vi vere med å ta som ikkje tenkte på å senda inn stoff om Moster til forfattaren. Men vi har altså her ein av dei mest sermerkte stadane i landet si kyrkjehistorie.

Her gjekk Olav Trygvason i land og feira messe i 995. Her vart Kristenretten sett i 1025. Her feira kyrkja i Noreg 1000-års-jubileet i 1995. I tilslutnad til Moster gamle kyrkje er det bygd eit senter med ei sereigen utstilling der overgangen frå heidendom til kristendom er synleggjort.

Senteret er ei eigen stifting som bygger vidare på det som alt er gjort. I amfiet er ulike spel med og levandegjer fortida. For dei som etter kvart vil følgje pilegrimsleia langs kysten mot Trondheim, vil Moster vere ei av dei verkeleg store opplevingane.

### **Kystvegen til Nidaros**

Her vest var det sjøvegen som var "vandringsvegen" for pilegrimane. For den som i dag tek i veg, ligg dei historiske stadane og ventar på å få fortelje kvar sine historier: Her i våre fylker kan nemnast Moster, Brandasund på Selsøy (der kongen hadde bygd selehem), Halsnøy kloster, Lyse kloster, middelalderkyrkjene og klostera i Bergen, Gulen (Gulatingslova), Kinn og Selja. I tillegg kjem dei tusen år gamle krossane vi finn i Sogn og Fjordane, fleire av dei ute ved kysten, hogne dels med engelsk og dels med keltisk føredøme: To i Gulen, vidare i Korsund i Fjaler, på Svanøya og på Vilneset.

Bjergvin biskop og bispedøme støt den satsinga ein no ser for seg med legge til rettes for ein pilegrimsveg langs kysten. Stader som frå landsida kan verte opplevd som avsides, ligg midt i leia for desse pilegrimane. Med tanke på distriktsutbygging er dette interessant. Vi har alt overnattingsplassane og vertshusa: Her kan ein berre organisera seg!

Vi merker oss at Stavanger er langt komne med planar for denne pilegrimsvegen. Det seier vi oss glade for. Vi trur likevel at Selje må få ein viktig plass som knutepunkt for denne vegen. Avstanden mellom Stavanger og Trondheim vert for stor!

I utgreiinga er det føreslege at ein organiserer denne vegen med egne pilegrimsbåtar. Det kan vere ein god tanke i og for seg. Vi trur likevel at langt den viktigaste ferdsla vil gå med private småbåtar som er på ferie langs kysten. Med eit godt grep på informasjon og tilrettelegging, vil båtfolket få mål og nytt innhald for turane sine.


### **Dei gamle stavkyrkjene**


Bjergvin biskop og bispedømeråd har merka seg at Fortidsminneforeningen er høyringsinstans. Det er bra. Inst i Sognefjorden har vi sermerkte stavkyrkjer, dei mest kjende er truleg Urnes i Luster og Borgund i Lærdal. Utgreiinga nemner side 35 "Valdresvegen" som har sitt mål ved St. Thomaskyrkja på Fillefjell. Og frå Sogn går det vegar mot St. Thomaskyrkja. Her kan ein utvida og intensivera eit arbeid som alt er i gang.

### **Konklusjon**

Som ein vil sjå, støt Bjergvin biskop og bispedømeråd den satsinga som no er teikna ut i utgreiinga "På livets vei". Som ein nasjonal satsing må ein likevel sjå til at den viktige pilegrimsvegen langs kysten vert tilført ressursar. Selja er den staden som peiker seg ut som eit ekstra knutepunkt.

Med helsing

  
Helge Taranrød  
stiftsdirektør

  
Solveig E. Jansen  
arkivar  
Direkte innval: 55306471